



## Ordføreren sitt hjørna – september 2018

Kommunestyresakslista no har mange tunge og viktige saker på sakskartet. Samstundes er det 2 veldig viktige plansaker som er ute på høyring. Det er Arealdelen av Kommuneplanen og Områdeplan for Trøym sentrum. Saman med avklaringar kring utbygging for skule og helse er det mange viktige vedtak som skal gjerast dei komande månadane. Vedtak som er viktige for utviklinga av Hemsedal framover.

Hemsedal har vore i sterk vekst dei siste 10 åra. SSB sine prognosar seier at det skal halde fram. Kanskje ikkje så overraskande, for det er på mange måtar ei framskriving av utvikling av dei siste 10 åra som blir gjort. Det ligg òg andre positive parameter inne i desse prognosane. Hemsedal har ei veldig gunstig aldersfordeling. Me har ein stor del av befolkninga vår i aldersgruppa 25 – 45 år. Tilflyttinga til bygda er også stort sett folk i denne aldersgruppa, og mange av dei med familie. Me vil gjerne at dette skal halde fram. Kva skal til for at folk vil velja å flytta til Hemsedal, og bli verande i åra framover? Det er spørsmålet me må svara ut på beste måte for å kunne gjera dei retta prioriteringane framover.

Eg trur det er 2 faktorar som er viktigare enn mykje anna. Det er arbeid og bustad. Arbeidsplassar og eit fungerande næringsliv heng sjølvstamt saman. Det å legge til rette for at eksisterande næringsliv får gode vilkår, samstundes som me legg til rette for nyskaping, er avgjerande for å lykkast. Kommunen må derfor alltid vera i forkant med gode planer som mogleggjer dette. Det er derfor mykje planarbeid på gang no.

Det viktigaste er antakeleg korleis me skal bli ei god bukommune. Her teller gode kommunale tenester mykje. God barnehagedekning, god skule, gode fritidstilbod og gode helsetilbod for å nemne noko. Gode og attraktive bustadforhold i eit godt miljø er heilt avgjerande for å kunne ha god livskvalitet. Me må finne ut kva som ligg i «gode», og styre etter det. Trivsel og tryggleik i kvardagen betyr stadig meir og meir. Før var det å ha eit arbeid i nærleiken det einaste viktige. No meiner forskarar at bukvalitet er det som betyr mest.

SSB sine prognosar seier at me skal vera 1200 fleire hemsedøler om 20-25 år enn det me er i dag. La oss tru at det slår til, og at næringslivet framover vil få den nødvendige veksten. Då treng me rundt 400 nye bustadar (bueiningar) dei neste 20 åra. Det er mykje, og me må også sjå endå lengre framover. Utviklinga i Hemsedal stoppar neppe opp i 2040. Me har bustadfelt inne i kommuneplanen som har eit potensiale på 300 bustader. Det er vidare austover frå Fiskum, det er austover frå Svøo og det er Hustadhagen. Alle desse områda ligg lengre vekk frå sentrum enn dei eksisterande bustader gjer. Det strir mot sentrale føringar for tettstadutvikling. Den seier at bustader skal byggjast så nær sentrum som mogleg for å redusere bilbruken, og vera tettast på dei tilboda som naturleg er i eit sentrum. Å tenkje seg eit bilfritt Hemsedal let seg ikkje gjera, men det å utvikle gode og levande tettstader bør me få til. Det er derfor rettast å nytte mest mogleg ledig areal i Trøym sentrum til bustader, gjerne med næringsareal i 1. etasje og leilgheiter over. Dette er eit av fleire viktige val som må gjerast no i samband med Områdeplan for Trøym sentrum. Det andre viktige spørsmålet er kor mykje areal me treng for å sikre dei kommunale tenestene inn i framtida. Det må balanserast opp mot eksisterande næringsliv som t.d. Hemsedal Maskinlag og jordbruk med behov for den dyrka marka si.

**Det er folkemøte om Kommuneplanen onsdag 5. september kl. 19.00 i Kultursalen.**

Møt opp, si di meining og gje oss gode råd no før vedtak blir gjort!

Med helsing

Oddvar Grøthe  
ordfører